



Voss herad sin høyringsuttale

Berekraftig verdiskaping - Regional plan for innovasjon og næringsutvikling

Det er positivt at Vestland fylkeskommune har ambisjonar om å utarbeida ein plan for innovasjon og berekraftig næringsutvikling som samlar heile fylket vårt. Voss herad støttar opp om visjonen om å vera nyskapande og berekraftig der målet er at Vestland er det leiande verdiskapingsfylket basert på berekraftig bruk av naturressursar, grøn næringsutvikling og innovasjon. Satsingane grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn og areal til næringsutvikling er tema som vil vera relevant å lyfta fram som gode satsingar for alle kommunane i fylket vårt.

Likevel, den regionale planen for innovasjon og berekraftig næringsutvikling kan ikkje erstatta Voss herad si eiga planlegging innan strategisk næringsutvikling, men utgjera eit viktig og nyttig kunnskapsgrunnlag i dette arbeidet.

I samband med at Vestland fylkeskommune ber om synspunkt på utkast til plan og handlingsprogram har det vore invitert til høyringsmøter. Voss herad set pris på desse møta, men dersom me skal kunna dra nytte av dei lyt samlingane verta lagt tidlegare i høyringsperioden. Berre slik kan me vareta eiga sakshandsaming og politisk saksgang samstundes som me får med oss dei gode innspela som kjem fram i høyringsmøta.

Til dei ulike spørsmåla fylkeskommunen ynskjer innspel på har Voss herad fylgjande kommentarar:

- 1. I kva grad gir planen ei tydeleg strategisk retning for arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket fram mot 2033?*

Planen er langsiktig og overordna med generelle føringar som skal bidra i arbeidet med å nå FN sine berekraftsmål. Innleiingsvis tek planen høgde for å kunna ta omsyn til både globale utfordringar som klimakrisa og behov for omstilling grunna nedgang i olje- og gassproduksjon, konsekvensar av koronapandemien, utfordringar knytt til demografi - og all uvisse relatert til desse utfordringane. Voss herad er einig i at mot vil vera ein viktig eigenskap å ha i arbeidet med desse mange utfordringane i åra som kjem. Samstundes skulle me ynskja at planen var meir tydeleg og konkret i forhold til kva me faktisk skal satsa på for å tryggja ei framtidig berekraftig næringsutvikling i *heile* fylket.



2. *Planen har tre satsingar: Grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn, areal til næringsutvikling. Er dei tre satsingane og tilhøyrande strategiar velegna til å nå måla?*

Satsingane grøn næringsutvikling, innovative og inkluderande samfunn og areal til næringsutvikling er tema som vil vera relevant å lyfta fram som gode satsingar for alle kommunane i fylket vårt. Dei mange strategiane som er lista opp under dei ulike satsingane kunne med fordel vore meir konkrete. Og kanskje retta mot dei ulike områda det vidstrakte fylket vårt faktisk har: Bergen og omland, regionsentra og deira rolle og alle grendene rundt om kring. Vidare ynskjer Voss herad at kulturnæringa kan få større plass i planen og at nysatsingar innan skjeringspunktet landbruk/ reiseliv/ kultur kunne vore ein eigen uttalt strategi som distrikta kunne kjent seg att i. Strategiar for vidareforedling av råvarer frå landbruket vil og vera nyttig for verdiskaping i distrikta.

Kraftfylket Vestland, med fylkeskommunen i spissen, burde ta initiativ til ordningar som innebar at det vart lettare å få aksept for at krafta skal nyttast der den vert produsert. Voss herad har tufta kommuneplanen på FN sine berekraftsmål og ynskjer å bidra til å redusera klimaavtrykket. I Voss herad ligg alt til rette for at alle kan få sterke opplevingar gjennom natur, lokal kultur og tradisjon. «Det grønne skiftet» kan ta Voss og Vestland vidare, både som reiselivsdestinasjon og med tanke på nyskaping og utvikling i næringslivet elles. Å leggja til rette for å nytta meir kraft der den vert produsert vil kunna vera stimulerande for lokal næringslivsutvikling. Dette vil igjen kunna innebera ny næringsutvikling i distrikta og bidra til at me får tatt heile fylket i bruk på berekraftig sett.

Voss herad ynskjer ei meir proaktiv haldning til arbeidet med framtidig utvikling av bu- og næringsareal. Fylkeskommunen kunne som ein strategi i så måte ta initiativ til ei kartlegging av fylket som gjev oversikt over all relevant info knytt til mogeleg ny plassering av næring (og bustader). Ei slik oversikt ville kunna nyttast som «beredskap for flaks», og innebera at nye internasjonale verksemder vel lokalisering i Vestland fylke framfor anna plassering i Noreg/ Norden.

Voss herad støttar opp om at infrastruktur og digitalisering er eit viktig tema for alle dei tre satsingane. God infrastruktur er avgjerande for distrikta. Dei store gjennomfartsårene, både veg og bane er viktig, men og intern infrastruktur i kommunen. Prioritering av viktige infrastrukturårer er avgjerande og kommunane må fylgje opp med god lokal infrastruktur og overordna planlegging. Voss herad meiner det lyt investerast meir i vegprosjekt som utvidar og styrkar integrasjonen i dei regionale arbeidsmarknadane. For Voss herad er det særleg viktig at K5, ny E16/Vossabana, Arna-Stanghelle vert innlemma i fyrste del av NTP 2022-2025. Fylkeskommunen kan fungera som dørøpnar inn til sentrale styresmakter og koordinator i dette arbeidet.

3. *Er planen velegna til å møte utfordringane knytt til korona-pandemien på kort og lang sikt?*

Voss herad tykkjer både plan og handlingsprogram burde vore meir konkret på å fanga opp dei mange utfordringane me har i kjømda av koronapandemien. Sjølv om no smitten er på veg ned og vaksineringa er komme i gang ser me på Voss at eigenkapital for fleire næringsaktørar snart vil vera brukt opp og framtida er framleis svært uviss. Både arbeidstakarar og bedriftseigarar er uroa over at 2021 vil bli eit verre år enn 2020. Kompensasjonsmidlar og lån er framleis viktig, samstundes bidreg det berre til å halda verksemdene i live. Uroa er stor, og konsekvensane kan bli katastrofale for



næringa, sysselsettinga, distriktskommunane og for potensialet til å ta imot gjester når koronasituasjonen er over.

Koronapandemien har synt oss at ein kommune er sårbar ved kriser. For at næringslivet skal bli meir robust og har fleire bein å stå på er det viktig å styrka støtte til innovasjon og etableringsstøtte, bidrag til digital infrastruktur der private ikkje gjer det, og at vidareutdanning kan gjennomførast lokalt.

Voss herad tykkjer at dei lærdommane pandemien har gjeve oss kan nyttast til ny utvikling i distrikta.

Fylgjande tiltak bør vurderast å arbeida vidare med:

- Fornya NAV si rolle. Reiselivsbygda Voss har mange permitterte frå verksemdar som vert haldne i live med koronastøtte. Somme av verksemdene kan komma til å gå konkurs og personane vil då verta heilt utan arbeid. Nav burde bu seg på endringane grunna pandemien og starta tiltak som både identifiserer dei som vert varig ledige og motiverer desse til å utdanne seg i retning av der det vil vera jobbar i framtida, til dømes innan helsesektoren.
- Heimekontor som verkemiddel i samband med spreieing av statlege arbeidsplassar, eventuelt forsterka dette med økonomiske insentiv for dei verksemdene som legg til rette for heimekontor til dei som vel å busette seg i distrikta.
- Som hyttekommune vil Voss sjå positivt på ordningar som gjer det enklare å bu på hytta, samstundes som ein arbeider på heimekontor, eventuelt i felles kontorlandskap som igjen kan danna grunnlag for knoppskyting av nye verksemdar lokalt.

4. På kva måte kan planen vera eit godt verktøy til å mobilisere ulike aktørar til å delta i arbeidet med innovasjon og næringsutvikling i fylket?

Voss herad tykkjer den regionale planen vil vera eit godt kunnskapsgrunnlag for vidare arbeid med strategisk næringsutvikling i eiga bygd. Planen og handlingsprogrammet kan verta eit godt verktøy i arbeidet med å mobilisera til samhandling, men då lyt distrikta og deira særlege utfordringar få større plass.

5. Korleis kan planen bli eit godt verktøy for å samordne offentleg innsats og verkemiddelbruk?

Planen kan vera eit godt utgangspunkt for å samordna offentleg innsats og verkemiddelbruk dersom den vert meir spissa på at det er skilnad på kva regionsentra og distrikta treng og kva storbyen treng.

6. Spørsmål spesielt til offentlege verksemdar: Korleis kan planen fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd og for kommunal og statleg planlegging og verksemd i regionen, på ein slik måte at til dømes kommunar berre treng utvikle eigne handlingsplanar?

Regional plan for innovasjon og næringsutvikling kan ikkje erstatta planarbeidet Voss herad sjølv skal i gang med innan strategisk næringsutvikling. Planen kan fungere som overordna plan for regionale organ si verksemd dersom den vert meir tydeleg, det vert skissert meir konkret skilnad by/ land og der kulturbasert næringsliv får større plass.



7. Andre vesentlege innspel til planen

Fylkeskommunen har ei viktig regional rolle og kan sjå fleire kommunar samla. Fylket har òg ei viktig rolle når det gjeld å sikra god infrastruktur og til å fungera som døropnar inn til sentrale styresmakter.

Etter regionreforma har mange fylke fått store område og mange kommunar å forhalda seg til. For å unngå ei sterkare byråkratisering av næringsavdelingane i fylkeskommunane er det viktig å gje meir ansvar og verkemiddel til kommunane sjølve. Voss herad støttar ikkje at regionale midlar skal overførast til interkommunale samarbeid/prosjekter eller regionråd. Me ynskjer å halda oss til forvaltningsnivåa i lovverket: stat – fylke- kommune.

8. Handlingsprogram 2021 og handlingsprogram 2022 – 2025

I innleiinga til handlingsprogrammet står det at det har vore lita tid til å arbeida grundig med handlingsprogrammet. Dette ber handlingsprogrammet preg av. Fyrste året er det lagt opp til at ein startar opp ulike grupper som skal arbeida vidare med innhald i handlingsprogram for åra 2022 – 2025. Voss herad tykkjer det er viktig at også distriktskommunane vert inkludert i det vidare arbeidet.

Voss herad ser det og som naturleg at det treårige handlingsprogrammet 2022 – 2025 vert sendt på høyring når dette er vorte arbeida vidare med i 2021 slik at aktivitetar og tiltak vert nyttige og relevante for heile fylket.